

Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgn omsorgstenester i Sogndal kommune.

§ 1. Føremål

Forskrifta skal bidra til å klargjere vilkår for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgn omsorgstenester. Forskrifta skal òg omtale kva som skal ligge til grunn for å sette pasient eller brukar på venteliste, samt omtale korleis desse skal ivareta i ventetida.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld alle som bur i-, oppheld seg i- eller søker seg til Sogndal kommune, og som har eit varig, omfattande, døgnkontinuerleg pleie- og omsorgsbehov som ikkje kan oppfyllest tilstrekkeleg i eigen heim, sjå § 4.

§ 3. Definisjonar:

- a) **Langtidsopphald:** er opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad med heildøgn tenester på ubestemt tid.
- b) **Sjukeheim:** er helseinstitusjon slik det er definert i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd.
- c) **Tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester:** vert definert som bustad som er tilpassa for å kunne yta tenester som dekker pasient eller brukaren sine helse- og omsorgsbehov døgnet rundt. Bistand frå personell og tilsyn må tilsvare det som ville vorte gitt dersom vedkommande var innlagt i sjukeheim.
- d) **IPLOS skår** er standard for vurdering av hjelpebehov som vert nytta av IPLOS, jf. forskrift om pseudonymt register for individbasert helse- og omsorgsstatistikk. IPLOS skårinndeling går frå 1 til 5 der 1 er ikkje hjelpebehov og 5 fullt hjelpebehov, ref. IPLOS rettleiar IS-1112 (2015).
- e) **Omfattande tenestebehov** vert forstått som at pasient eller brukar fyller vilkåra i § 4, nummer 4.
- f) **Venteliste** er eitt oversyn over pasient eller brukarar som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av ledig plass for langtidsopphald.

§ 4. Kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgn omsorgstenester

Generelt

Sogndal kommune brukar lågast effektive omsorgsnivå (LEON) som prinsipp ved tildeling av tenester og tiltak i helse- og omsorgstenesta. Kommunen har tenester på ulike nivå der aukande hjelpebehov vert møtt med meir omfattande tenestetilbod av ulik art. Tenester på lågare nivå skal som hovudregel vere utprøvd før tildeling av langtidsopphald i sjukeheim.

Dette inneber:

1. Den som har omfattande tenestebehov, jamfør nummer 4 i denne paragrafen, har rett til langtidsopphold, viss ikkje pasient eller brukar med andre tenester og helsehjelp eller på anna vis vert sikra naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester.
2. Den som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald og som:

- har omfattande behov og jamfør nummer 4 i denne paragrafen og
- vil være best tent med langtidsopphald

oppfyller vilkåra for langtidsopphald og har rett til vedtak om dette. Pasient og brukar må vera best tent med langtidsopphald, samanlikna med det tenestetilbodet pasient eller brukar vil få i heimen.

3. Det skal leggest vekt på
 - a) best mogeleg utvikling av fysisk og psykisk helse og kognitiv status og ivaretaking av funksjon- og meistringsevne.
 - b) pasient og brukar si meining, eventuelt òg pårørande si meining der det følgjer av pårørande si rolle etter pasient- og brukarrettslova kapittel 3. Lista er ikkje uttømmmande.
4. Ein pasient eller brukar har omfattande tenestebehov om pasienten eller brukaren har stort eller fullt behov for hjelp, d.v.s. IPLOS skår 4 eller 5 på alle tre punkta a), b), c), eller på eitt eller fleire av punkta d), e) eller f).
 - a) hjelp til personlig hygiene
 - b) hjelp med ernæring
 - c) hjelp til forflytning
 - d) hjelp til å ivareta eiga helse, m.a. administrasjon av medisinar
 - e) tilsyn og hjelp ved kognitiv svikt, demens eller psykisk sjukdom
 - f) tilsyn og hjelp ved somatisk sjukdom.

Likeins har pasienten eller brukaren omfattande tenestebehov når pasienten eller brukaren sin samla situasjon tilseier at behovet er omfattande på grunn av særlige forhold, eller etter ei heilskapsvurdering.

Pasient og brukar med omfattande tenestebehov kan ha rettar etter nummer 1 og nummer 2 i denne paragrafen.

§ 5. Søknad og vedtak

1. Pasient eller brukar, eventuelt ilag med sine pårørande, søker om langtidsopphald. Søknadsskjema finn ein på www.sogndal.kommune.no eller søker kan få dette frå tenestetorget.
2. Korleis søknaden skal fyllast ut og sendast, vil gå fram på heimesida eller på søknadsskjema.
3. Tildelingskontoret har ansvar for å gjennomføre naudsynt kartlegging og er den som fattar enkeltvedtak om tildeling av langtidsopphald.
4. Vedtaket vert sendt søkeren.

§ 6. Venteliste

Dersom det ikkje er ledig plass og pasient eller brukar fyller kriterium for langtidsopphald, og samstundes kan få forsvarlege helse- og omsorgstenester i heimen i påvente av langtidsopphald, så skal kommunen setja søker på venteliste.

Ved ledig plass skal alle på ventelista vurderast av tildelingskontoret, og den med størst hjelpebehov ut frå kriteriene i § 4 skal prioriterast.

§ 7. Tiltak i påvente av langtidsopphald

Pasient eller brukar som oppfyller vilkåra for langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad tilrettelagt for heildøgn omsorgstenester, skal få andre naudsynte tenester for å sikre forsvarleg helsehjelp i ventetida.

Dette kan til dømes vere auka heimesjukepleie, - heimehjelp, dagsenter, støttekontakt, korttidsopphald på sjukeheim og/eller andre tenester i omsorgstrappa. Personer som tek imot hovudomsorga frå sine pårørande, skal få tilbod om avlastande tiltak for særleg tyngjande omsorgsoppgåver.

§ 8. Sakshandsamingstid

Tildelingskontoret skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dersom det vil ta forholdsmessig lang tid før søknaden kan svarast på, skal det snarast mogeleg gjevast eit førebels svar. I svaret skal det gjerast greie for grunnen til at søknaden ikkje kan handsamast tidlegare, og om mogeleg tidsfeste når brukar kan vente svar. Førebels svar kan unnlatast dersom det er openbart unødvendig.

§ 9. Klageadgang

Vedtak kan klagast til Fylkesmannen. Ei klage skal vere skriftleg. Klagen skal først sendast til kommunen. Dersom det ikkje vert gitt medhald, skal kommunen sende klagen utan ugrunna opphald til Fylkesmannen for endeleg vurdering og avgjerd. Klagefrist er 4 veker.

§ 10. Iverksetting.

Forskrifta tek til å gjelde 1.januar 2020.